



FJELLY 1917 - 2017

**Med bilete frå godt over 20 bidragsytarar er boka som vert gjeven ut i samband med at ungdomslagshytta Fjelly rundar 100 år, blitt ei svært fin lagsoge. Gjennom dei mange bileta og kortfatta tekst dokumenterer den hytta si 100 årige historie på ein flott og lettfatteleg måte. Vi får vera med på store dugnader, stemne, ulike aktivitetar som isfiske, hytta sitt liv i krigsåra og mykje meir.**

Det er Kristian Bringedal og Hans Ordin Østebø som har hatt hovudansvaret for bokprosjektet. Dei har invitert folk med aktuelle bilete til å ta desse med til skannekveldar, og såleis har dei i tillegg til alle dei fine bileta som er

i boka, fått inn mange bilete slik at det no er eit verdfullt fotoarkiv frå historia til Fjelly. Britt Iren Tjelle Østebø har hjelpt til på skannekveldane. Responsten har vore god. I tillegg til dei mange bilda har dei også skanna artige sider frå nokre av dei mange hyttebøkene.

Å laga ei bok med hovudvekt på bilde, var eit godt val. Gjennom dei får vi innblikk i historien, aktivitetar, den vakre naturen og korleis den har endra seg og mykje meir. Dette er ei bok som ein kan sitja lenge med i gode stunder. Her er mange både artige, gode og forteljande bilde vi kan mimra og kosa oss med.

Det er førebels berre trykt opp eit prøveopplag på 10 bøker, men hyttestyret vil i neste omgang ta opp bestilling, få trykt opp eit nytt og større opplag slik at alle interesserte kan få kjøpt den. Dette er ei bok som alle dei som har eit forhold til Fjelly, vil verta veldig glade i.

Det er Kristian Bringedal, med korrekturlesar Svein Rimestad, som står for tekstane i boka medan Hans Ordin Østebø er ansvarleg for oppsettet. Japan Foto har stått for trykking, og det er svært god papirkvalitet i boka. Det er nødvendig for at alle dei gode bileta skal koma til sin rett.

Vi gratulerer hyttestyret og redaksjonsgruppa med den flotte og verdfulle boka.



Hans Ordin Østebø og Kristian Bringedal kan vera svært fornøgde med arbeidet dei har lagt ned i boka.  
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland.